

Kontrollutvalet i Bjerkreim kommune

Møteinnkalling

Møtested:	Møterom 2
Dato:	24.04.2017
Tidspunkt:	Kl. 16.00
Møtenr:	2 / 2017

Til behandling:

Sak nr	Sakstittel
9/17	Godkjenning av protokoll frå møtet 6. februar 2017
10/17	Skatterekneskapen 2016 med kontrollbrev frå Skatteetaten
11/17	Uttale til kommunen sin årsrekneskap 2016
12/17	Orientering frå Serviceleiar
13/17	Oppfølging av politiske vedtak 2. halvår 2016
14/17	Statusoversikt april 2017

Referatsaker/meldingar

Periode:	06.02.2017 - 24.04.2017	
Nr.	Arkivsak	Referatsakstittel

Ver vennleg meld eventuelt forfall snarast på telefon 51 33 65 90 evt. 414 46 180 eller på e-post til postmottak.rks@sandnes.kommune.no.

Ved forfall vert varamedlemmer kalla inn særskilt. Medlemmer som meiner seg inhabile, må gje melding om dette til kontrollutvalgssekretariatet slik at varamedlemmer kan kalla inn.

Evt. saker merket (*Unnateke offentleggjering i medhald av off. l.*) vert berre til medlemmer/varamedlemmer som må møte.

Vikeså, 18.04.2017

Magne Vaule
Leiar av kontrollutvalet

Per Kåre Vatland
Sekretariatet

[Medlemsoversikt](#)

9/17 Godkjenning av protokoll frå møtet 6. februar 2017

Arkivsak-dok. 16/00154-15
Arkivkode. 033
Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	24.04.2017	9/17

Protokollen frå møtet 6. februar 2017 vart lagd fram for kontrollutvalet til formell godkjenning.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim godkjenner protokollen frå møtet 6. februar 2016.

SANDNES, 31.03.2017

Per Kåre Vatland
Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Protokoll frå møtet 06.02.2017 - Bjerkreim kontrollutval](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

10/17 Skatterekneskapen 2016 med kontrollbrev frå Skatteetaten

Arkivsak-dok. 16/00175-7
 Arkivkode. 232
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	24.04.2017	10/17

Bakgrunn

Kontrollutvalet har motteke Årsrapport 2016 Skatterekneskapen frå Skatteoppkrevjaren i Bjerkreim, og kontrollrapport 2016 vedrørende skatteoppkrevjarfunksjonen for Bjerkreim kommune frå Skatteetaten, sjå vedlegg. Kontrollrapporten er sendt til kommunestyret med kopi til kontrollutvalet.

Skatteoppkrevjaren er invitert til å orientere i møtet

Saksutgreiing

Skatterekneskapen for Bjerkreim 2016 viser ei samla skatteinngang på 307,5 mill. kr, som er ei auke frå året før på 8,5 mill. kr. Dette er ei auke på 2,8 %.

Den kommunale delen av skatteinntektene i 2016 var på 73,5 mill. kr, som er ei auke på 10,6 %.

Kommunen har sett av 10 % til marginavsetjing, som utgjer 20,7 mill. kr. Dette er midlar som vert halde tilbake, for å dekkje utbetalingane av til gode skatt når skatteoppgjeret vert klart året i påfølgjande år. Marginoppgjeret for 2015 viste eit overskot på 3,2 mill. kr.

Ved utgangen av 2016 var det restansar mott skatteytarane på i alt 4,6 mill. kr. Dette er ei auke på 1,4 mill. kr sidan i fjor.

Det er gjennomført arbeidsgjevar kontroll på 4,9 % av arbeidsgjevarane i Bjerkreim kommune i 2016.

Kontrollutvalet kan berre ta sjølv rekneskapen til orientering. Revisjonshandlingane knytt til skatterekneskapen er ei statleg oppgåve. Kontrollutvalet har likevel ei tilsynsrolle overfor skatteoppkrevjar og kan om ynskjeleg kommentere tilhøve knytt til organisering av arbeidet.

Kontrollrapporten summerer opp dei ettersyna Skatteetaten har utført i Bjerkreim kommune, samt gjer kommentar til den avlagde skatterekneskapen. I kontrollrapporten konkluderer Skatteetaten med:

- *Internkontrollen det alt vesentlege i tråd med gjeldande regelverk*
- *Rekneskapsoppføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen er i samsvar med gjeldande regelverk*
- *Skatte- og avgiftsoppkrevjinga er samsvar med gjeldande regelverk, og gjer riktig uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret..*
- *Arbeidsgjevarkontrollen er utført i tråd med gjeldande regelverk og er utført i tilstrekkeleg omfang.*

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim tek skatterekneskapen med kontrollbrev 2016 til orientering.

Saka vert vidaresend kommunestyret til orientering.

SANDNES, 31.03.2017

Per Kåre Vatland
Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Årsrapport 2016 - 1114 Bjerkreim](#)

[Kontrollrapport 2016 - Skatteetaten](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

11/17 Uttale til kommunen sin årsrekneskap 2016

Arkivsak-dok. 16/00172-6
 Arkivkode. 212
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	24.04.2017	11/17

Bakgrunn

Etter føreskrifta om kontrollutval §7 skal kontrollutvalet gje ei uttale til kommunestyret om årsrekneskapen før denne vert vedteken av kommunestyret. Uttalen må vere gitt så tidleg at den er formannskapet i hende før, dei gjer si innstilling til kommunestyret.

Etter § 8 i same føreskrift, skal kontrollutvalet òg sjå til at revisor sine merknader til årsrekneskapen vert følgde opp

Saksutgreiing

I fylgje rekneskapsskjema 1A viser rekneskapen for 2016 at det er 169,56 mill. kr. til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 4.86 mill. kr. Rekneskapen viser eit netto driftsresultat på 10,2 mill. kr. Netto driftsresultat utgjer 4,5% av driftsinntektene. Det er over anbefalinga frå teknisk berekningsutval, som til at forholdet bør vere minst 1,75%.

Rådmann og økonomisjef vil orientere nærmare om tala i rekneskapen og om årsmeldinga i møtet.

Revisor si beretning og andre merknader frå revisor

Revisor har i si uavhengige revisjonsberetning gitt positive konklusjonar om årsrekneskapen og om andre lovpålagt krav.

Revisor har og laga eit årsoppgjersnotat kor revisjonen av gjennom året og av årsrekneskapen vert summert opp. Revisor gjer og utfyllande kommentarar til årsrekneskapen og årsmelding. Det vert kytt kommentarar til rekneskapen, men revisor har ikkje funne vesentleg feil. Det er såleis ikkje nokre forhold som kontrollutvalet treng å fylgje opp. Kontrollutvalet kan likevel gjere ei sjølvstending vurdering på dette området.

Kontrollutvalet skal etter føreskrifta uttale seg om årsrekneskapen. Kontrollutvalet kan knyte sine eigne kommentarar til årsrekneskapen, utover det som kommunen eller revisor har kome med. Kommentarane må innarbeidast i kontrollutvalet sitt vedtak.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim har ingen/har fylgjande kommentarar til det framlagde årsrekneskapen for 2016, utover det som går fram av revisor si revisjonsberetning og årsoppgjersnotat.

SANDNES, 10.04.2017

Per Kåre Vatland
Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Årsrapport 2016 Bjerkreim kommune;](#)

[Noter 2016 med hovudoversikter](#)

[Normalberetning 2016 Bjerkreim;](#)

[Årsoppgjørnotat 2016 Bjerkreim;](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

12/17 Orientering frå Serviceleiar

Arkivsak-dok. 16/00158-16
Arkivkode. 027
Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	24.04.2017	12/17

Bakgrunn

Som eit ledd i kontrollutvalet sitt tilsyn med kommunen, har kontrollutvalet laga ein plan for invitasjon av kommunale leiarar, for at dei kan orientere kontrollutvalet om deira arbeid og ansvarsområde. Til dette møte har kontrollutvalet invitert leiar av serviceavdelinga

Saksutgreiing

Kontrollutvalet ynskjer at serviceleiar orienterer om fyljande emne:

- Avdelinga sin plass i organisasjonen
- Talet på tilsette
 - Rekruttering av medarbeidarar
 - Utfordringar i høve til rekruttering
- Kva tenester avdelinga leverer
- Avdelinga sitt budsjett og rekneskap
- Tankar om framtida.
 - Behovet for tenester frå avdelinga
 - Klarar avdelinga å levere i høve til behov

Kontrollutvalet har sett av 20 - 25 minutt til orienteringa inklusiv tid til spørsmål frå utvalet.

FORSLAG TIL VEDTAK:

[Kontrollutvalet i Bjerkreim tek leiar av serviceavdelinga si utgreiing til orientering.](#)

SANDNES, 31.03.2017

Per Kåre Vatland
Seniorrådgiver

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

13/17 Oppfølging av politiske vedtak 2. halvår 2016

Arkivsak-dok. 16/00315-12
 Arkivkode. 033
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	24.04.2017	13/17

Bakgrunn

Sekretariatet ber kvart halvår administrasjonen i Bjerkreim å leggje fram ein enkel havårleg rapport om status på politiske vedtak. Rapporten skal òg leggst fram for kommunestyre etter at den er behandla i kontrollutvalet.

Saksutgreiing

Sekretariatet har motteke oversikter over vedtak fatta i andre halvår 2016. Det er laga egne rapportar for kommunestyret, formannskapet, levekårsutvalet og LMT-utvalet, samt ei restanseliste for saker frå 2014, 2015 og 2016 som ikkje var avslutta der det går fram av vedlegget kva som er status i sakene pr. rapporteringstidspunktet (mars 17). Sekretariatet har og laga ei oversikt over kontrollutvalets saker 2. halvår 2016.

For kommunestyret sin del er alle sakene godkjent. Ei av sakene er det klagt på og er til behandling hos departementet, og i ei anna sak er reguleringsplanen godkjend frå kommunen si side, men det må søkast om konsesjon.

Av saker vedtatt i *formannskapet* i perioden er alle sakene innvilga/godkjent eller sendt vidare til kommunestyret for sluttbehandling. I to saker venter ein på søknad om ferdigattest. Ei av sakene – revidert forslag til reguleringsplan Fjermedal syd – er påklaga, her er klagen under behandling. Status for sakene går fram av vedlegget.

Når det gjeld *levvekårsutvalet* er alle saker innvilga/godkjent eller vidaresendt andre for sluttbehandling.

I *LMT-utvalet* er alle saker registrert som avslutta eller under arbeid. I ei sak om tilskot til etablering er det ikkje utbetalt noko ennå, fristen er innan utgangen av 2017.

Kontrollutvalet sine saker er stort sett godkjend og iverksett. Kontrollutvalet har ferdigstilt planane for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll som begge er vedteken av kommunestyret i september 2017. Kontrollutvalet har to rapportar som dei ventar på.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim tek oppfølging av politiske vedtak 2. halvår 2016 til orientering

Saka vert vidaresend kommunestyret i Bjerkreim til orientering

SANDNES, 06.04.2017

Per Kåre Vatland
Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Oppfølging politiske vedtak - ikkje avslutta saker frå 2014, 2015 og halve 2016](#)

[Oppfølging av politiske vedtak 2. halvår 2016 - kommunestyret](#)

[Oppfølging av politiske vedtak 2. halvår 2016 - formannskap](#)

[Oppfølging av politiske vedtak 2. halvår 2016 - levekår](#)

[Oppfølging av politiske vedtak 2. halvår 2016 - LMT-utvalet](#)

[Oppfølging av saker kontrollutvalet 2. halvår 2016](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

14/17 Statusoversikt april 2017

Arkivsak-dok. 16/00290-20
 Arkivkode. 217
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	24.04.2017	14/17

Bakgrunn

Statusoversikta er kontrollutvalet sitt verktøy til å følgja saker som går over fleire møter. Den omhandlar først og fremst forvaltningsrevisjonar og selskapskontrollar, som vert følgt frå dei vert bestilt og fram til kommunestyrets vedtak knytt til rapporten er endeleg følgt opp. Andre type saker som krev oppfølging vil og bli tatt med i oversikta.

Oversikta vert oppdatert til kvart møte.

Saksutgreiing

Målet er å gje kontrollutvalet ei oppdatert oversikt over status på dei ulike sakene så lenge dei er under behandling. Oversikta er utarbeidd slik at den òg viser kva saker utvalet har arbeidd med i inneverande kommunestyreperiode.

Under denne saka kan kontrollutvalet ta opp spørsmål i tilknytning til sakene. Det vert lagt opp til at dersom revisor er til stades, kan revisor under denne saka gje utvalet orientering om status på prosjekt revisor arbeider med og avklara endringar om dette er nødvendig.

Det er ingen endringar til dette møtet.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim tek statusoversikt april 2017 til orientering.

SANDNES, 06.04.2017

Per Kåre Vatland
 Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Statusoversikt over kontrollutvalet sine saker april 2017](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.